



Thea sit konsentrert under bodrunden. Ho har no vore på landslaget i eitt år, og synest at dei har eit godt samhald i laget.

Thea Hove Hauge frå Os har vore på landslaget i bridge i eitt år no. I helga kom fire av lagveninnene hennar på besøk for å trene til VM i Tyrkia i august.

Hanna Enerhaug

Klokka 12 søndag sit Thea og resten av landslaget konsentrert rundt spelebordet. Dei trenar til VM i Tyrkia seinare i sommar.

– Korleis trenar de?

– Vi spelar mykje. Vi har ikkje noko spesielt triks for å bli gode, det einaste som hjelper er å spela så mykje som mogleg no før VM.

Thea fortel òg at sidan dei

bur så spreidd har dei ikkje høve til å møtast så ofte som dei gjerne vil.

– Vi møttest kanskje fire gonger i året “live”, men vi spelar på nettet ein gong i veka, så vi får trent ein del likevel. I tillegg kan vi også møtast parvis for å trene. Eg og Marte, som kjem frå Trondheim, har gjort dette nokre gonger.

– Kva er målet? Satsar de på å koma langt?

Thea nøler litt og svarer:

– Det hadde jo sjølvsagt vore kjekt å komme langt opp på lista i VM, men vi har ikkje så stor tru på at det kjem til å skje. Vi klarte egentlig ikkje å kvalifisera oss, men då nokon andre trakk seg fekk vi vera med. Men det hadde jo som sagt vore kjekt å gjere det bra, og vi skal gjere vårt aller beste. Det vi verkeleg satsar på er EM

i Tromsø neste år, der vi vil slå til på heimebane. Forhåpentlegvis får vi medalje då.

Thea fortel at det kjekkaste med å spele bridge må vera det å treffa nye folk. Lagveninna **Marte Haugen Klingen** er einig, men legg også til at kjensla av meistring òg er noko av det kjekkaste.

Minner om amerikanar

Landslaget består av sju jenter. Dette er jentelandslaget. I Noreg har vi tre ungdomslandslag i bridge; jentelandslaget, U26 og U21. Alle desse stiller i VM.

Jentelandslaget vart stifta i fjor, og Thea og seks andre jenter var så heldige at dei fekk tilbod om å vera med. Thea meiner at det er eit godt samhald i landslaget trass aldersforskjellen. Yngste spelar er 12 år, og eldste er 24 år. Likevel fungerer landslaget bra.

Med seg som trenarar i helga har dei tidlegare noregsmeister **Sven-Olai Høyland** og europameister **Rosaline Barendregt**.

– Bridge minner egentleg litt om amerikanar, forklarar Høyland medan dei spelar.

– Hovudforskjellen ligg vel egentleg i byrjinga av spelet.

Når dei trenar fordeler dei seg på to bord, og etter eit spel samanliknar dei resultat. Kvart spel varer om lag 8-10 minutt, og ved begge borda spelar dei med korta fordelte på same måte. Altså når dei har spelt ein runde, legg dei korta tilbake i ein slags kortbeholder, for deretter å byta kort med det andre



Landslaget og trenarar. F.v: **Sven-Olai Høyland**, **Rosaline Barendregt**, **Thea Lucia Indrebø**, **Sofie Græsholt Sjødal**, **Katarina Ekren**, **Marte Haugen Klingen** og **Thea Hove Hauge**.



Etter kvart spel samanliknar jentene resultat dei fekk, og ser kven som spelte best.

bordet. Då vil dei kunna spela med nøyaktig dei same korta.

– På denne måten kan vi sjå kven som spelar korta best på dei to borda, forklarar Thea.

Det er ei lett stemning rundt bordet under spelet, men det er likevel tydeleg at alle fire er djupt konsentrerte. Som i alle kortspel, er det stille medan spelet går føre seg. Når omgangen er ferdig kjem trenaren med tips til kva dei kunne gjort betre og skryt for det dei gjorde bra, og jentene kjem gjerne med spørsmål.

Spelet føregår på den måten at to og to er på lag. Ein person blir blindemann, og har ikkje

kontroll over korta sine, det er lagkameraten som bestemmer over dei.

– Det er ikkje noko negativt ved det, det er berre slik spelet er, seier Thea.

Thea trur ikkje ho kjem til å gi seg med bridge med det første. Ho ser ikkje nokon grunn til å slutta.

– Bridge er best, seier ho med eit smil.